1		11,0	3,0	2,5	0,5	17,0	12 920
2	1,0	2,5	12,0			15,5	11 780
3	128,5	18,5	12,0			159,0	120 840
4	9,5	164,5	11,0	1,0		186,0	141 360
5	6,5	8,5	4,5	8,0		27,5	20 900
6	3,0	13,0	28,0			44,0	33 440
7		5,5	3,0			8,5	6 460
8	21,5	4,5	17,5	10,0	0,5	54,0	41 040
9	23,0	2,0	14,5		4,0	43,5	33 060
10	106,0	41,0	10,5			157,5	119 700
11	17,5			7,0		24,5	18 620
12			13,5			13,5	10 260
Totalsum	316,5	271,0	129,5	28,5	5,0	750,5	570 380

FR = Forvaltningsrevisjon
RR = Regnskapsrevisjon
ATT = Attestasjoner
KU = Kontrollutvalg

Kunde 20259 Suldal Kommune

Budsjett og regnskap tidligere år

Data	Fakt.gr.	RR	ATT	KU	RÅD	Totalsum	NOK ekskl mva
	FR						
B2011							0
R 2011							0
B2012	400,0	145,0	80,0	25,0		650,0	438 750
R 2012	118,5	138,0	56,0	21,5		334,0	225 450
B2013	400,0	145,0	80,0	25,0		650,0	494 000
R 2013	316,5	271,0	129,5	28,5	5,0	750,5	570 380
B 2014	400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	500 500

Budsjett 2014: Avtalt pris er lagt inn som en ramme. Avtalen innebærer at revisjonen kan bygge på en velfungerende intern kontroll med rasjonell elektronisk samhandling på regnskapsrevisjonen mens forvaltningrevisjonen trekkes av rammen iht. kontrollutvalgets bestilling. Erfaring fra 2012 viser at en del må justeres før slike minimumstimer kan benyttes.

Forbruk 2013: I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2012 og interimsrevisjonen for 2013 delvis gjennomført. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for seks terminer. På forvaltningsrevisjon er en rapport om barnevern og et prosjekt om byggeprosjektet levert. Innenfor regnskapsrevisjonen er det avdekket en del mangler med dokumentasjon som innebærer at vi ikke kan jobbe så effektivt som forutsatt. Videre er det også avdekket en rekke feil som er delvis rettet opp ift årsoppgjørsbrev. Tilleggsregning er sendt på dette. Vi har strøket 20 timer som følge av at oppdraget er nytt for å gjøre dette så smidig som mulig. På foresørsel er det levert en presentasjon av hva som kan gjøres for å hindre/oppdage misligheter til kontrollutvalget. Det er også en del feil som avdekkes på interimrevisjon som har medført tidsforbruk ut over budsjettrammen.

VEDLEGG SAK 2/14



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Kommunane i Rogaland
Rogaland fylkeskommune

Dykkar ref.:

Vår dato: 21.01.2014
Vår ref.: 2014/650
Arkivnr.:

Haugaland
valgsekretariat IKS
Mottatt dato: 27.01.14
Journalført: 14/361 tha /sg
Arkivkode: 216

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland 2014

Fylkesmannen i Rogaland har samarbeidd med Arbeidstilsynet, Mattilsynet og Statsarkivet og Kartverket om å samordne informasjon om planlagde tilsyn med kommunane/fylkeskommunen i Rogaland for 2014.

Som tidlegare har vi laga ei oversikt over den til no planlagde tilsynsaktiviteten fordelt på kommunar og tilsynsorgan (sjå vedlegg). Denne oversikta vil og liggje på Fylkesmannen si heimeside. Dei fleste av dei planlagde tilsyna til Mattilsynet, Statsarkivet i Stavanger og Fylkesmannen i Rogaland er i denne oversikta. Arbeidstilsynet sine tilsyn er ikkje klare når det gjeld kva kommunar som vil få tilsyn i 2014. Sjølv om ikkje alle tilsyna er med i oversikta, vil vi så langt som råd er leggje vekt på at belastninga ved tilsyn ikkje skal vere for stor for den einskilde kommune. Vi gjer og merksam på at umeldte eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Arbeidstilsynet vil i 2014 ha fire større nasjonale prosjekt som går på helse- og sosialsektoren, reinhald, bygg og anlegg og ny i arbeidslivet. Prosjektet innafor helse- og sosialsektoren er retta mot kommunane og sjukehusa. I 2014 vil det vere sosialsektoren i kommunane som får besøk av Arbeidstilsynet. Når det gjeld reinhald skal Arbeidstilsynet både ha tilsyn med dei som leverer reinhaldstenester og dei som kjøper slik tenester, som til dømes kommunane. I tillegg held tilsynet fram innsatsen retta mot inneklima i offentlege bygg, mellom anna i skular. I satsinga innan bygg og anlegg blir det fokusert på kommunane si rolle som byggherre. Nytt av året er tilsyn med lov om offentlege anskaffelser. Her vil Arbeidstilsynet ha tilsyn med kommunane i Sør-Rogaland. Før desse tilsyna vil kommunane bli inviterte til eit informasjonsmøte om dette temaet. Elles vil Arbeidstilsynet halde fram med tilsynsprosjekt knytt til sosial dumping, ulykker, støy, organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø og ergonomi.

Mattilsynet skal i 2014 føre tilsyn med leidningsnett, høgdebasseng og drikkevatn i kommunane. Dei har og tilsyn med biogass- og komposteringsanlegg. Mattilsynet vil i tillegg kontrollere servering av mat i kommunale institusjonar som sjukeheimar, barnehagar og liknande. I hovudsak blir Mattilsynet sine tilsyn ikkje varsla på førehand.

Statsarkivet i Stavanger skal ha tilsyn med fire kommunar i 2014. Tema for tilsynet er arkivlova med tilhøyrande forskrift. Tilsynet vil hovudsakleg dreie seg om arkivplanlegging, elektroniske arkiv og arkivlokale.

Kartverket skal berre ha eitt tilsyn i 2014. Det er Sokndal kommune som får tilsyn etter Matrikkellova.

Fylkesmannen sine planlagde tilsyn er innarbeidd i oversikta. Her er det informasjon om kva tema som blir tatt opp. I denne oversikta er og Fylkesmannen sin forvaltningskontroll når det gjeld landbruk.

Utanom dei planlagde tilsyna i enkeltkommunar vil Fylkesmannen gjennomføre sjølvmeldingstilsyn innan skulehelsetenesta og fysioterapi/ergoterapitenestene. Nytt for året er og at Fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid etter folkehelselova. Statens helsetilsyn arbeidar no med å leggje til rette for eit landsomfattande tilsyn retta mot kommunane sitt arbeid med kartlegging av helsetilstanden og folkehelseutfordringar i befolkninga. Dette tilsynet kjem i tillegg til det som er i oversikta og vil gjelde for tre kommunar hausten 2014.

Saman med oversikta over planlagde tilsyn, vil de finne tilsynskalender og rapportar på nettstaden til Fylkesmannen. Her finn de og informasjon om samordning av statlege tilsyn med lenkjer til dei andre statlege tilsynsetatane.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa

Lone M. Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Grete Flåten
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 36
E-post: fmrogfl@fylkesmannen.no

Vedlegg

Kopi til:
Sjå vedlagt adresseliste

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	13.02.14	03/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2013

Saksvedlegg: Utkast til årsmelding for 2013

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2013 følger vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2013 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan en total oversikt over alle saker til handsaming.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.


SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2013.

INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2013 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 06.02.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET I SULDAL



ÅRSMELDING

2013

INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følge kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret. Det vart i 2011 bestemt at kontrollutvalet skulle auke talet på medlem til fem ifrå valperioden 2011-2015.

For perioden 2011-2015 har Suldal kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer

Sverre Underbakke - leiar

Berit Myrland – nestleiar

Solveig Sukka

Vanja Ignjatic

Tormod Skeie

Vararepresentantar:

1. Ole-Johan Østebø

2. Hans Sæter

3. Arne Steinbru

Sverre Underbakke sit i kommunestyret. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har møtt på eitt av møta. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han har delteke på eitt av møta og fungerande/assisterande rådmann på to av møta.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2013

Kontrollutvalet har i 2013 hatt 5 møte fordelt på tre møte første halvår og to møte andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kontrollutvalet sitt reglement.

Utvalet har hatt 30 saker til handsaming og 30 saker til orientering.

Solveig Sukka deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i Rogaland, som blei arrangert i Sandnes 7. november 2013. Det var ingen frå utvalet som deltok på Norges Kommunerevisorforbund sin Kontrollutvalskonferanse på Gardermoen i februar eller på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn på Gardermoen i juni.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk.

I møte 25.04.13 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2012. Utvalet gav følgjande uttale til rekneskapen:

Suldal kommune sin årsrekneskap for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 34 mill. kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med

14 mill. kr, og at delar av dette er nytta til avsettingar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2012 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.12.

Kontrollutvalet vil peika på eit lite ønskjeleg sprik mellom inntekter og inntektsanslag, og mellom investeringsbudsjett og reelle investeringar. Dei store avvika kan vera med på å skapa eit urealistisk bilde av kommunen sin økonomi.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen andre merknader til Suldal kommune sin rekneskap anna enn det som går fram av revisor sitt årsoppgjørnotat og revisjonsmeldinga.

I same møte handsama utvalet rekneskapen til Suldal Elverk KF, og gav følgjande uttale:

Kontrollutvalet har merka seg at Suldal Elverk KF sin rekneskap for 2012 viser eit årsresultat på 1,8 mill. kr.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2012 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.12.

Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk sin særrekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsmeldinga. Revisor tar atterhald når det gjeld manglande bankinnskott for skattetrekk, at verdien på varelager ikkje kan verifiserast, samt avvik i berekning av meirverdiavgift.

Utvalet handsama oppfølging av revisor sine merknadar til rekneskapa på møte 21.11.13.

Årsrapport frå Skatteoppkrevjaren og Skatterekneskapen for 2012 vart lagt fram til orientering i møte 31.01.13.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sitt vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012, og endeleg vedtak vart gjort av kommunestyret på nyåret i 2013.

Utvalet har handsama to forvaltningsrevisjonsrapportar i 2013. Begge var utarbeida av Rogaland Revisjon IKS. Den eine rapporten var om barnevernet i Suldal, og blei handsama på møte 23.05.13. Revisjonen hadde funne at kommunen hadde forbedringspotensiale på nokre områder, utan at det vart funne alvorlege lovbrøt eller kritiske avvik. Revisjonen kom med fire tilrådingar. Rapporten blei handsama av kommunestyret 18.06.13 og vil bli fylgt opp av kontrollutvalet på nyåret 2014.

Den andre rapporten var om styring av byggeprosjekt. Utvalet handsama rapporten på møte 21.11.13. Revisjonen kom med fire tilrådingar. Desse gjekk blant anna ut på val av entreprisform, rapportering av budsjettoverskridingar, etterslep på sluttrekneskap og at ein bør ha eigen sluttrapport. Rapporten er sendt til kommunestyret for handsaming i 2014. Kontrollutvalet vil følgja opp rapporten 6 månader etter handsaming i kommunestyret.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og endeleg vedtak blei gjort av kommunestyret i 2013.

Utvalet har handsama ein rapport frå selskapskontrollar dette året. Rapporten etter kontrollen av Interkommunal Arkiv IKS utarbeida av Rogaland Revisjon IKS blei handsama på møte den 31.01.13. Revisjonen kom med tilrådingar både til selskapet og eigarkommunane. Tilrådingane til kommunen gjaldt i stor grad opplæring av eigarrepresentantane og habilitetsvurdering av valkomiteen.

Rapporten fekk si oppfølging på møte i utvalet den 21.11.13. IKA ved daglig leiar hadde i ein e-post gjort greie for at dei i stor grad har etterkomme revisjonen sine tilrådingar. Saka er sendt vidare til kommunestyret for handsaming i 2014.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Revisjonstenestene for kommunen blei lyst ut på anbod i 2011 og Rogaland Revisjon blei vald som kommunen sin revisor frå 01.07.12. og fram til 2015.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter. Rogaland Revisjon har vore til stades på 3 av kontrollutvalet sine møte i 2013, og på eitt møte via Link. Kontrollutvalet har handsama revisor si eigenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved gjennomgang av tertialrapportar og orientering frå rådmannen. Rådmannen har blant anna orientert om konkurranseutsetjing av banktenester, bruk av overtid, antikorrupsjonsarbeidet, psykiatri og samhandlingsreforma, fastlegeordninga, helikopterlandingsplass-saka, introduksjonstenesta og budsjettframlegg.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN

Kontrollutvalet handsama hausten 2013 framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2014. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariats-tenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 978.000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2013, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore Odd Gunnar Høie.

Sekretariatet har i løpet av 2013 oppgradert sine heimesider. Nå blir mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar lagt ut på heimesidene fortløpande.

Sverre Underbakke er vald til representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, med Berit Myrland som vara. Myrland var til stades på representantskapsmøtet 07.05.13.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2013 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram tre rapportar, administrasjonen og ordførar har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Sand, 13. februar 2014

Berit Myrland

Sverre Underbakke
leiar

Solveig Sukka

Vanja Ignjatic

Tormod Skeie

VEDLEGG TIL ÅRMELDING 2013

Saker til behandling:

- 01/13 Godkjenning av protokoll 14.11.12**
- 02/13 Referatsaker 31.01.13**
- 03/13 Budsjett for Suldal kommune 2013**
- 04/13 Årsmelding Suldal kontrollutval 2012**
- 05/13 Rapport selskapskontroll – Interkommunalt Arkiv IKS (IKA)**

- 06/13 Godkjenning av protokoll 31.01.13**
- 07/13 Referat og orienteringssaker 25.04.13**
- 08/13 Suldal kommune sin årsrekneskap for 2012 – Kontrollutvalet sin uttale**
- 09/13 Suldal elverk KF sin rekneskap for 2012 – Kontrollutvalet sin uttale**
- 10/13 Godkjenning av prosjektmandat – Styring av byggeprosjekter**

- 11/13 Godkjenning av protokoll 25.04.13**
- 12/13 Referatsaker 23.05.13**
- 13/13 Orienteringar frå rådmannen/administrasjonen**
- 14/13 Rapport frå forvaltningsrevisjon - barnevernet**

- 15/13 Godkjenning av protokoll 23.05.13**
- 16/13 Referatsaker 29.08.13**
- 17/13 Revisor si egenerklæring**
- 18/13 Plan for rekneskapsrevisjon 2013**
- 19/13 Orientering frå revisor – om antikorrupsjonsarbeid**
- 20/13 Budsjett – kontroll og tilsyn 2014**
- 21/13 Utveljing av revisjonsprosjekt 2014**

- 22/13 Godkjenning av protokoll 29.08.13**
- 23/13 Referatsaker 21.11.13**
- 24/13 Oppfølging av årsoppgjersnotat for Suldal kommune sin rekneskap for 2012**
- 25/13 Oppfølging av årsoppgjersnotat for Suldal Elverk sin rekneskap for 2012**
- 26/13 Oppfølging av selskapskontroll Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS**
- 27/13 Orientering om budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017 for Suldal kommune**
- 28/13 Forvaltningsrevisjonsrapport – Styring av byggeprosjekt**
- 29/13 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt**
- 30/13 Møteplan 2014**

Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. januar 2013
2. Årsrapport og årsrekneskap for 2012 – frå Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune
3. Medlemsbrev nr. 2/2012 frå FKT
4. Psykiatriens plass i samhandlingsreforma – orientering v/rådmannen
5. Kommunestyrevedtak 19.03.13, sak 12/13 – Rapport selskapskontroll IKA
6. Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Suldal kommune
7. Åpenhetsrapport 2012 – frå Rogaland Revisjon IKS
8. Innkalling – representantskapsmøte 25.04.13 – Interkommunalt arkiv Rogaland
9. Innkalling – representantskapsmøte 30.04.13 - Ryfylke Miljøverk IKS
10. Innkalling – representantskapsmøte 07.05.13 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
11. Representantskapsmøte 28.05.13 – Krisesenter Vest IKS
12. Årsmøte 06.06.13 - Ryfylke IKS
13. Statusrapport pr. april 2013
14. Statusrapport pr. mai 2013
15. Pressemelding frå KRD – Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane
16. Frå Kommunerevisoren nr. 3- Antikorrupsjon i kommunane – meir enn kontroll
17. Statusrapport pr. august 2013
18. K.styre vedtak 18.06.13 –sak 055/13, Rapport frå forvaltningsrevisjon barnevernet
19. Utvalet sitt svarbrev til Bernd Elmies
20. Utvalet sin presentasjon for kommunestyret – leiar orienterer
21. FKT- konferansen 2014 i Haugesund på Rica Maritim
22. Rekneskapsrapport pr. 30.06.13 – kontroll og tilsyn
23. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m. – eigenkontroll mv
24. Kommunebarometeret – tabell 2013
25. Statusrapport pr. november 2013
26. Orientering om utvalet sin presentasjon i kommunestyret, munnleg v/nestleiar
27. Orientering frå haustkonferansen i Sandnes 7. november 2013
28. NKRF-Kontrollutvalgskonferanse 5. - 6. februar 2014
29. Spørsmål om habilitet i AS og IKS – svar frå KRD
30. Kontrollutvalets ansvar og oppgåver

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	13.02.14	04/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONRAPPORT - BARNEVERNET

Bakgrunn:

På bestilling frå Suldal kontrollutval gjennomførte Rogaland Revisjon IKS ei forvaltningsrevisjon av barnevernet i kommunen våren 2013. Dette var i tråd med prioriteringane i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015.

Kontrollutvalet handsama rapporten den 23.05.13. Kommunestyret gjorde si handsaming den 18.06.13, i sak 055/13. Vedtaket i kommunestyret var følgjande:

- 1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i rapporten om barnevernet og tek denne til etterretning.*
- 2. Suldal kommunestyret vil be rådmannen arbeide vidare med revisor sine tilrådingar for å betre drifta av barnevernet.*
- 3. Rådmannen blir bedd om å gje kontrollutvalet ei orientering om arbeidet innan 31.12.13.*

I rapporten kom revisjonen med følgjande tilrådingar:

- Vi anbefaler kommunen å vurdere hvordan stabilitet og kontinuitet i bemanningen kan sikres over tid.*
- Vi anbefaler kommunen å vurdere hvordan man kan redusere antall fristoverskridelser ved gjennomføring av undersøkelser.*
- Vi anbefaler barnevernet å sørge for at lovkravene om oppfølging og kontroll av barnets situasjon i fosterhjemmet, samt lovkravene om tilsyn med fosterhjemmene, blir fulgt opp.*
- Vi anbefaler kommunen fortsatt å vurdere om interkommunalt samarbeid kan styrke barnevernstjenesten.*

Saksorientering:

Sekretariatet sende ein e-post til rådmannen den 24.01.14 der ein bad om at kontrollutvalet måtte få ei tilbakemelding i tråd med pkt. 3 i vedtaket frå kommunestyret, på møte den 13.02.14.

Rådmannen har i e-post 29.01.14 svara at han og konstituert barnevernsleiar Hilde Århus vil gje ei munnleg tilbakemelding i møtet.

I følgje Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 12 heiter det at:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandling av rapporter skal følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Det ligg ikkje til utvalet å fastsetje kva måte administrasjonen vel å følge opp avvik/svakheiter på, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Kontrollutvalet kan likevel melde vidare til kommunestyret dersom saker etter utvalet si meining ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Sekretariatet finn det naturleg at det blir framlagt skriftleg dokumentasjon på kva tiltak som har blitt iverksatt som følgje av kommunestyret sitt vedtak. Dette blant anna fordi oppfølginga skal rapporterast vidare til kommunestyret. Sidan rådmannen ikkje har sendt over noko til sekretariatet til no, vil dette bli ettersendt så snart det ligg føre eller lagd fram i møtet.

Utvalet må sjølv vurdere om rådmannen har følgt saka opp på ein tilfredsstillande måte.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Suldal kommunestyret tek rådmannen si tilbakemelding om hans oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om barnevernet til orientering.

Aksdal, 06.02.14


Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær